

Møtereferat

Dato: 02.10.2015

Emne:	Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT 310815		
Til stades:	Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Gina H. Landro, Irene Ness, Jorunn Bakke Johannessen, Frode Mannsåker og Rikke Richardsen.		
Forfall:			Sak: 2015/3577-7
Møtetid:	31.08.15 kl. 13 – 15	Møtestad: Wigandgården, møterom Stadsporten	

Møteleiar: Frode Mannsåker**Referent: Rikke Richardsen**

Dagsorden:

1. Godkjenning av referat og dagsorden
2. Informasjon om omorganisering - ny HR-seksjon – Frodes nye rolle.
3. Gjennomgang av HMT/BHT-dokument i Kvalitetsportalen – forberedt av Frode
4. Gjennomgang av samhandlingspunkt BHT-HMT – forberedt av Gina og Rikke

1. Referat frå møtet 29.06.15: Godkjent.
2. Omorganisering - ny HR-seksjon: Frode gjorde greie for omorganiseringa av personalseksjonen til HR-seksjon frå 1. august 2015. Frode har fått ny rolle som einingsleiar/teamleiar for «HR Kompetanse og utvikling». Han og hans team vil også få ansvar for HMT når dette blir overført frå Bedriftshelsetenesta. Dette kan få verknad for kapasiteten hans i denne arbeidsgruppa, men inntil vidare held han fram etter planen.
3. Gjennomgang av HMT-dokumentasjon i Kvalitetsportalen: Frode har jobba seg gjennom store deler av dei HMT-dokumenta som alt ligg i portalen – og tatt ei rask vurdering av kva som er OK og kva som må reviderast ev. fjernast. Han fullfører dette arbeidet før neste møte i arbeidsgruppa. Alle engasjerer seg i å gå gjennom lista og dokumenta for å lage ei prioritert revideringsliste. Revidering av dokumenta vert gjennomført av den/dei som har ansvar for oppgåva. Diskusjon om kva som manglar eller raskt bør reviderast, ga følgjande liste:
 - 1) Retningsliner for AMU (eit forslag ligg klart til godkjenning)
 - 2) Prosedyre for handtering av påstand om mobbing i HFK (ny)
 - 3) Prosedyre for konflikthandtering (revisjon)
 - 4) Dei 9 omstillingsreglane, samordna med prosedyre for overtal (revisjon)
 - 4) Årshjul for HMT-aktivitet (ny)
 - 5) Verneutstyr og bruk av verneutstyr for elevar (ny)
 - 6) HMT-opplæring for elevar (ny)

4. Gjennomgang av samhandlingspunkt HMT-BHT: Eit utkast frå Gina og Rikke vart utdelt i møtet. Alle i arbeidsgruppa går gjennom utkastet før neste møte, der vi diskuterer det nærare.

Neste møte blir 02.10.2015 kl.0830 - 1130 (Møterom kjem seinare)

Oppgåver til neste møte:

Frode sender ut framlegg til tabell over all HMT-dokumentasjon.

Gina/Rikke sender ut framlegg til tabell over oppgåver og samhandling HMT - BHT.

Dei andre i arbeidsgruppa les dokumenta og kjem med kritikk og endringar/tillegg i møtet, ev. sender innspel i forkant av møtet.